



Meny Knarvik
Kvernhusmyrane 7A
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 17/28681

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
03.10.2017

Vedkomande fettutskiljar ved Meny Knarvik - gbnr 188/764, Gjervik Ytre

Teknisk drift syner til tidlegare korrespondanse vedkomande fettutskiljar ved Meny Knarvik. Teknisk drift ga i brev, datert 13.03.2017, førehandsvarsel om pålegg for å få på plass større anlegg. I svarbrev, datert 27.03.2017, informerte Meny AS om at det ville verte installert nytt i løpet av 2018. I mellomtida skulle det settes i verk tiltak for å redusere temperatur i anlegg.

Norsk Gjenvinning har sendt inn dokumentasjon på utført tømning og logging slik Teknisk drift har krevd. Ut i frå innsendt dokumentasjonen ser vi at anlegg framleis har for høg temperatur til å fungere slik det skal. Anlegg har liten reinseeffekt.

Teknisk drift ber Dykk sende inn framdriftsplan for installering av nytt anlegg. Det er viktig at nytt anlegg kjem på plass så raskt som mogleg. Dersom Teknisk drift finn det naudsynt vil pålegg med frist for installering av anlegg verte gitt (jf. førehandsvarsling i vårt brev av 13.03.2017).

Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløve for Lindås kommune» Fylkesmannen i Hordaland, samt forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift skal setje krav til utskiljaranlegg som er tilknytt kommunalt leidningsnett. Føremål med krava er å sikre at vegetabils og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført ut på kommunalt nett og til reinseanlegg og påfører dette skader.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Meny Knarvik

Kvernhusmyrane 5914
7A

ISDALSTØ